

Jæren Turlag
Stavanger Turistforening



2022

Årsmelding Jæren Turlag



Jæren Turlag

v/ Anne Reidun Garpestad, leiar

01.01.2022

Årsmelding 2022

Jæren Turlag består av medlemmar i Stavanger Turistforening frå kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Melder du deg inn i Stavanger Turistforening, og bur i ein av desse fire kommunane, vert du automatisk medlem i Jæren Turlag. Jæren Turlag har per nov 3624 medlemmar.

Starten av 2022 var fortsatt prega av covid-19 restriksjonar. Men frå februar/mars vart det mogleg å arrangera turar og samlingar omtrent som før pandemien.

Styret i 2022

Årsmøtet vart gjennomført 10. februar 2022 på Time Bibliotek. Det var 23 personar som deltok.

Styret i 2022 har bestått av følgjande:

Leiar: Anne Reidun Garpestad

Styremedlemmar: Anne Grete Madland Tjemsland, Arnfinn Særheim, Nadine Friese, Einar Jordebrekk, Marte Dale og Solfrid Grødem. Varamedlemmar: Lene Støldal og Svanhild Arnegård.

Valkomiteen har bestått av Margreta Hauge Clementsen og Randi Otterlei Malmin.

Styret har hatt 8 styremøte.

Det har vore tre digitale møte mellom dei ulike turlaga og Stavanger Turistforening. Fokus på desse møta har vore mellom anna tryggleik på turar og risikovurderingar, aktivitet i Frivillighetens år 2022 og planlegging av 2023.

Jæren Turlag har delteke i eit nettverk for ulike friluftsansjasjonar i Gjesdal kommune. Turlaget har delteke med 3 personar.

Turar

Jæren Turlag har fire ulike turgrupper/turalternativ:

- Nærturar
- Barnas Turlag Jæren
- Høgt og Lågt
- Fjellturar

Nærturar

I lag med jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har Jæren Turlag merka 26 turløyper rundt tettstadane i desse fire kommunane. I 2022 har turlaget gjennomført 24 turar med totalt 496 deltakarar. Det er alltid to turleiarar med på turane og turane går på dei merka nærturane. Det har også i 2022 vore laga ein eigen turforlder for at det skal vera lett å ha oversikt over turane.



Nærtur på Undheim



Nærtur på Sirevåg

Barnas Turlag Jæren

Det har vore krevande å ta opp att aktivitet i Barnas Turlag etter pandemien. Det har vore gjennomført 8 turar og arrangement med totalt 341 deltakarar. Det har vore varierte turar, som toppstur til Åslandsnuten, tur i Madland til dagsturhytta Fisketjørnbu, kanotur på Frøylandsvatnet og nissetur til dagsturhytta Frøya. Overnattingsturen til Grautheller i Sirdal var populært og samla 25 deltakarar. To turar har vorte avlyst.

Turlaget arrangerte Kom-deg-ut-dagen i februar i Kleppeloen og ved Melsvatnet i september med god deltaking. Det vart og gjennomført Natt-i-naturen i samband med Kom-deg-ut-dagen i september. I september var det tur med ulike postar rundt Melsvatnet. Det var moglegheit for kanopadling for dei som ville. Trekning av premiar blant dei som hadde levert inn svar på postane og alle barn fekk kvar sitt grillspyd.



Kom-deg-ut-dagen ved Melsvatnet 4. september

Høgt og lågt

Det er gjennomført 9 turar med tilsaman 166 deltakarar. Det har vore turar både i Hå, Gjesdal, Time, Sandnes, Rennesøy, Eigersund, Stavanger og Bjerkreim kommunar.




Hundvåg i Stavanger



Hestnes i Eigersund

Fjellturar

Det er gjennomført 9 turar med til saman 98 deltakarar.. Turane har vore i Hå, Gjesdal, Bjerkreim og Eigersund kommunar. Her er bilete frå turen til Vallresknuten i Gjesdal



Tilsaman 1101 har delteke på tilsaman 50 turar. To turar har vorte avlyste. Turlaget har trykt opp sitt eige turprogram også i 2022. Programmet vart spreidd i alle fire kommunar.

Det har vore møte med Jæren Friluftsråd med fokus på samarbeid om aktivitetar i 2023.

Førjulsfest

Den tradisjonelle førjulsfesten vart arrangert 25. november på Lensmannsløa i Hå. Det var om lag 60 personar som kosa seg med song, underhaldning, drøs, god mat og utlodning.

Frivillighetens år 2022

Jæren Turlag feira Frivillighetens år 22. mai med familiearrangement ved dagsturhyttene Frøya (Klepp), Tvitjørnhytta (Hå) og Fisketjørnbu (Gjesdal). Det var grilling av pølse, popping av popkorn, natursti, servering av kaffe og lappar. Tilsaman var det om lag 260 deltakarar.

Gjesdal kommune arrangerte stor sentrumsfest på Ålgård i juni, som del av frivillighetens år. Her deltok Jæren Turlag med stand.

Jæren turlag var og invitert til å feira Frivillighetens år i Gjesdal kommune, saman med over 50 andre frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Tre frå turlaget deltok.

Dagsturhyttene

Jæren Turlag har avtale med Hå og Klepp kommune om reinhald og oppsyn med dagsturhyttene. Turlaget har etablert to fadderlag som har ansvar for kvar si dagsturhytte. Det

er tilsaman 24 personar som deltek. På Frøya har me med oss ei gruppe elevar og lærar frå Klepp ungdomsskule som har friluftsliv som valfag. Det har vore utført om lag 450 dugnadstimar.

Jæren Turlag deltok på opninga av dagsturhyttene i Klepp, Hå og Gjesdal.

Merking av stiar

Det er sommaren 2022 gjennomført nymerking av stiar i Madland. Desse stiane var opprinneleg merka på byrjinga av 2000-talet av Stavanger Turistforening. I tillegg til ny merking og kvisting av allereie merka stiar, har det vorte kvista og merka 2 nye turstiar. Begge har tilknytning til dagsturhytta Fisketjørnbu: 1) Dagsturhytta Fisketjørnbu- Maribakken og 2) Frå Dagsturhytta Fisketjørnbu og vidare på nordsida av Indre Fisketjønn til ein møter merka sti som går vidare til Vådlandsnuten.

Det er lagt ned totalt 245 timar på kvisting og merking av stiane i Madlandsheia i 2022.

I samband med merkinga såg ein og behov for meir skilting og nye trebruer over våte parti. Gjesdal kommune har gitt økonomisk støtte på om lag kr 40 000 til innkjøp av mellom anna nye skilt med tilbehør. Skilta og nye trebruer vil verta sett opp vår/sommar 2023 på dugnad.

Det er gjennomført merking av ein ny nærtur, Hammeren, i Ålgård sentrum. Det er og gjort mindre endringar på to andre nærturar på Ålgård, samt gjennomgang av merkinga på fleire nærturar både i Klepp og Time.

Anna dugnadsarbeid

Turlaget har i samarbeid med Time kommune, skifta ut utskrivne turbøker på fjelltoppar.

Turlaget hadde stand på «Små steg» konferansen i Klepp. Turlaget har hatt innlegg på møte i Gjesdal Rotary, med tema om Stavanger Turistforening og Jæren Turlag. Turlaget har og hatt møte med ungdomsskuleelevar om Jæren Turlag og Stavanger Turistforening.

Turlaget har hatt samarbeid med flyktingstenesta i Gjesdal og Klepp og Time og hatt informasjonsmøte for flyktingane om friluftsliv, Jæren Turlag, turmoglegheiter på Jæren og kva naturopplevingar kan bety.

I samarbeid med Hå kommune, Stavanger Turistforening og grunneigar har Jæren Turlag i fleire år planlagt å få sett i stand ei sjøbu på Reime i Hå kommune. Dette prosjektet passer inn i Stavanger Turistforening si satsing på nærfriluftsliv og turar langs kysten. Sjøbua ligg langs Kongevegen og kan passe fint som ein plass å eta nista si under tak. Det er planlagt at restaureringsarbeidet starter opp i 2023.

Oppsummert så har om lag 1420 personar delteke på turar og arrangement i 2022. Tilsaman er det utført nærmare 1350 dugnadstimar.

Bileta i årsmeldinga er teke av Ragnar Egeland og Anne Reidun Garpestad.

Lye, 12. februar 2023

Anne Reidun Garpestad, leiar Jæren Turlag